


Espevik

BESØK FRÅ UNDERVERDA

220 millionar år tilbake i tida trengde glødande og flytande bergmassar opp gjennom spalter i jordskorpa i ytre delar av Hordaland. Ein del av massane rakk truleg ut i fri luft og danna lavastraumar, som sidan vart tørte vekk av vør og vind. Men det meste størkna til diabasgangar før det nådde overflata. Dei best bevarte av desse finst i ESPEVIK på Tysnes.



På neset ved kaien i Espevik står diabasgangane fram som svarte, nedsenka striper eller band i fjellet. Desse mørke bergartane er gjester frå den raudglødande mantelen under jordskorpa. Dei mørke gangane skil seg klart frå den lyse vertsbergarten. Det er då òg rundt 270 millionar år i aldersskilnad mellom dei. (Svein Nord)



Då dei dramatiske hendingane gjekk føre seg, låg det som no er overflata, fleire kilometer nede i jorda. I dag ser vi restar av steinsmelte (magmaet) som fylte sprekkane i jordskorpa. Magmaet følgde helst dei mange steile forkastingane langs kysten, soner som dannar dalar, sund og fjordar med nordleg eller nord-nordvestleg retning. Dette sprekkssystemet må ha strekt seg svært langt nedover i djupet. Magmaet kom nemleg frå over 50 kilometers djup (mantelen) og har trengt seg tvers gjennom jordskorpa på veg mot overflata. Magmaet som vart att i sprekkane, kan ein finna som gangar av diabasbergartar, det vil seia finkorna basiske størkningsbergartar.

Nær hundre slike gangar er funne frå Sund i nord til Sveio i sør. På neset ved kaien i Espevik kan ein sjå mange av dei mørke gangane. Her er dei òg aldersbestemte. Ved å studera isotopane til grunnstoffet argon har ein funne ut at dei er rundt 220 millionar år gamle (frå triasperioden). Somme andre stader tyder aldersfastsetjingar på inntrenging også i permtida for rundt 250 millionar år sidan, mellom anna på Sotra (®359). Dette er langt tilbake i tid, men gangane er likevel dei yngste bergartane på tørt land i Hordaland. Berre laga i den undersjøiske Bjørøytunnelen (®364) er yngre.




GANGAR

Gangar er bergsmelte som har størkna på veg opp langs sprekkar i jordskorpa frå ei djupare kjelde av smelta berg. Ein gang er gjerne ein meter brei eller mindre, men kan strekkja seg innover i fjellet og i djupet. Dersom smelta når jordoverflata, blir ho kalla lava.

BLODSUGARAR

Kring 1850 vart det nytta mange millionar blodigler årleg til medisinsk bruk i Europa. Ein meinte at årelating hadde gunstig verknad på sjuke folk, ved å tappa dei for «ureint» blod (©177). Denne gamle bruken av blodigler heldt seg òg her i landet, heilt fram til 1920-åra. Framleis blir blodigler nytta på norske sjukehus - årleg importerer Norsk Medisinaldepot nokre hundre blodigler frå England. Mellom anna kan dei suga ut blodsamlingar i samband med knusingsskadar.

Blodigla står i dag på «raudlista», lista over truga dyreartar i Noreg, men finst framleis mange stader i Hordaland. Omkring Flakkavågen er det mange små tjørner; der det framleis finst blodigler. Det er òg rapportert om igletjørner på Bømlo, Stord og Osterøy. På Stord skal mange tidlegare kjende førekomstar i dag ha gått tapt, kan henda på grunn av redusert beiting i utmarka. Blodiglene må ha tilgang på blod for å overleva, og dette får dei gjerne frå beitedyr.



Tysnesmeteoritten, teikna av Hans Reusch.

BESØK FRÅ OVERVERDA

20. mai 1884, mellom klokka 8 og 9 om kvelden, landa ein meteoritt på garden MIDFVÅGE søraust på Tysnes. Samtidige skildringar fortel om «ildkuglen som med lynets hastighet drog fra sydøst mot nordvest. Man hørte et stærkt skrald som af en torden ledsaget av flere rullende døn». Også ein «lang hvid røg» vart observert. Ei jente fann morgonen etter ein stor, svart stein i graset.

Metoritten, på til saman 21,7 kilo, viste seg å vera den største påviste meteoritten i Noreg til då. Seinare er det berre Altameteoritten frå 1902 (78,7 kilo) som har overgått han. Tysnesmeteoritten er no å finna på Mineralogisk-Geologisk museum i Oslo.



Jan Rabben